

Miljøverndepartementet
Pb. 8013 Dep
0030 OSLO


Oslo, 27.06.02

Vedr. Høring av NOU 2002:1 Fortid former framtid – utfordringer i en ny kulturminnepolitikk

Norges Bygdekvinnelag har behandlet saken og oversender med dette sin høringsuttalelse.
Vedlagt.

Vennlig hilsen
NORGES BYGDEKVINNELAG

Solvår Skogen Sæterbø/s/
leder



Sissel Åkre
leder av miljøutvalget

Høyring på NOU 2002:1 «Fortid former framtid - Uffordringer i en ny kulturminnepolitikk»

Norges Bygdekvinnelag er glade for å ha kome med på HØYRINGSLISTA FOR NOU 2002:1.

Norges Bygdekvinnelag (tidl. Norges Bondekvinnelag) er «....ein partipolitisk nøytral organisasjon som skal arbeide forbygdefolket sine økonomiske, sosiale og kulturelle interesse.....». Temaene som vert behandla i NOU'en er slike som er nedfelt i våre arbeidsplanar.

Til disposisjonen:

1. Utredningens mål, strategier og innsatsområder som grunnlag for den framtidsrettede kulturminnepolitikken

Det synest som om målet med kulturpolitikken er å verna «alt», eller i alle høve mest mogeleg.

Når ein ser på «tilstanden til ulike kategorier kulturminner og kulturmiljøer, så er det tydelig at mykje er skada og i dårlig forfatning.

Ein strategi bør basera seg på vurdering av korleis, og i kva for omfang, vi skal take vare på vår felles kulturarv.

Truslene for framtidas kulturminnepolitikk er å forsette som tidlegare, og prioritere alt høgt. Uffordringane ligg i å velga ut og fokusera på «det alle helligste».

Grunnen til at NBK tek slikt standpunkt, er at vi ikkje ser at nok midler vil bli avsett til bevaring. Vi trur heller ikkje det finnst nok fagleg kompetanse i (lokal)-samfunna til å take seg av alt praktisk arbeid.

Til kapittel 9, 9.2.1:

Norges Bygdekvinnelag meiner det er viktig at staten **øyremerkar** midlar som kommunane skal nytta til vedlikehald, istandsetjing og tilretteleggjing av landskap, bygningar og andre kulturminner.

Det vil vere hensiktsmessig, for framtida, fortløpande å vurdere kva samfunnet får att for dei midla som vert løyva til vern.

Opprettinga av eit KULTURMINNEFOND er sers positivt.

For å nå mål med virkninga og nytta av offentlege midlar, er det viktig å leggje tilrette for meir jamnstelling mellom offentlege og private aktørar.

Det er viktig å få ein åpen og breid debatt om vern av kulturmiljø.

Til disposisjonen :

2. Hvordan legge tilrette for aktiv bruk og ivaretagelse av mangfoldet i kulturarven?

Til kapittel 11, 11.1, 11.2:

Ein grunnleggjande forutsetning for at kulturminner skal kunne vernas, er at befolkninga stør opp om dette. Forvaltninga må auke sin forståing for det levande livet sin trong. Men det må også skapas forståing hos befolkninga for verdispørsmål og prioriteringar i kulturminnepolitikken!

Fleirtalet i utvalgets har fokusera spesielt på anbefalingar overfor skulen, innanfor handverkerutdanning og konserveringsutdanning, og på kunnskapsoppbyggjing gjennom forsknings- og utredningsvirksomheit.

Dette er bra.

Det er viktig å påpeike dette tydeleg overfor lærarar, og å **forplikte skulene** til å være aktive deltakarar og ein ressurs i det lokale miljøarbeidet. Det må arbeidast systematisk på eit overordna nivå for at muligheitene i L97 vert utnytta.

Til Kapittel 6, 6.4, 6.5, 6.6:

Lokalsamfunnet har få, om nokon økonomiske eller juridiske vekemiddel i arbeid med kulturminner og kulturmiljøer.

For å oppretthalde engasjement i lokalsamfunn er uformelle møteplassar og arenaer viktige.

Det må, frå det offentlege sin side, leggjast opp prosessar som gjer det meningsfylt for lokale aktørar å engasjera seg i beslutningsprosessar.

Kulturminneforvaltninga må ha hovudansvaret for å finna fram til hensiksmessige arbeidsformar og samarbeidsprosjekt.

Om ein ynskjer at frivillige organisasjonar skal vere premissgjevarar og pådrivarar i utforminga av samfunnspolitikk, bør ikkje prosjektstønad dominera!

Det er viktig at driftastøtta over offentlege budsjett, til frivillige lag og organisasjonar vert styrka. Friviljuge organisasjonar som til no bare er kontingent-finansiera spelar, og vil i endå større grad spela, ein sentral rolle i

utviklinga av lokalsamfunn. Det er heilt naudsynt at samfunnet økonomisk støttar opp om dette.

Til kapittel 2, 2.4:

Et sentralt tema i miljøforvaltning, er spørsmålet om deltagelse og demokratisering av beslutningsprosesser.

Medforvaltning er sentralt her. Dersom myndigheit skal delegerast til kommunalt nivå, for å inkludera berørde eigarar, brukarar og lokalsamfunnet, må lag , organisasjonar og enkeltpersonar liggja på likt nivå som det politiske miljøet.

God forvaltning må byggja på verdigrunnlaget til alle berøra partar, og basera seg på god og **likeverdig** kommunikasjon mellom partane.

Det er svært viktig at alle kommunar vert pålagde å oppretta «Barn- og unge sitt kommunestyre».

Nærmiljøkonferansar og høyringar av ulike slag må kome på dagsorden i større grad.